



KVINNHERAD
K O M M U N E

Vatn og avløp

INTO RØYR AS
Sundsvegen 77

5450 SUNDE I SUNNHORDLAND

| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Vår ref. | Dykkar ref. | Dato |
|---------------|---------------------|-------------|-------------|------------|
| Egil Eide | 993 56 126 | 2020/2169-3 | | 17.08.2020 |

Tilknytingsløyve til offentlig leidningsnett - 191/371 - tomannsbustad, Olahagen

Det vert gjeve løyve til tilknytning av spillvass- og vassleidning på fylgjande vilkår:

- Tilknytninga skal utførast etter gjeldande VA-norm og *Standard abonnementsvilkår*, av godkjent røyrleggjar og minst ein person i arbeidslaget skal inneha ADK-1 sertifikat.
- Vassleidningen skal koplast til eksisterande stikkleidning med minikum/bakkeventilar som vert fordelt med eige stikk til kvar eining.
- VA skal varslast straks tilkoplinga er gjennomført slik at ventilen på stikkleidningen kan plomberast.
- Spillvassleidningen skal koplast til eksisterande stikk på tomta og fordelast til kvar eining via kråkefot minikum, slik søknaden viser.
- Det skal installerast vassmålarar i hht *Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Kvinnherad, §5*. Vassmålarane skal leverast av VA. Eigar av eigeidomen er ansvarleg for at målararen står frostfritt. Skjema for vassmålararmontasjen skal snarast mogleg etter montering sendast inn digitalt via vår heimeside.
- Leidningar mot kommunale installasjonar skal inn-målast, og innmålingsdata inkl. foto skal sendast til va@kvinnherad.kommune.no Ref VA-norm for Kvinnherad kommune.
- Skjemaet *Ferdigmelding av VA-anlegg* skal sendast inn digitalt via vår heimeside, straks tilknytninga/installasjonen er utført. Godkjenning av VA-tilknytning må på plass før søknad om ferdigattest.
- Det vert ikkje gitt ferdigattest/bruksløyve (gjeld også midlertidig) før vilkåra i løyvet er oppfylt, samt tilknytingsgebyr for vatn og avløp er betalt.

Sjå vår heimeside for retningslinjer på private stikkleidningar:
<https://www.kvinnherad.kommune.no/private-stikkleidningar>

Tilknytingsgebyra skal vera fakturert og betalt før anlegget kan takast i bruk (jmf *Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Kvinnherad kommune §4*), til ein kvar tid gjeldande gebyrstørleik. Ynskjer ein å nytta vatn for eksempel i byggeperioden, må VA kontaktast slik at gebyra vert fakturert og plomberinga kan opnast.

Ref. *Standard abonnementsvilkår, kapittel 2*: Dersom arbeidet med tilknyttinga vert overført til eit anna ansvarleg føretak enn løyvet er stila til, skal det sendast inn søknad på nytt. Er arbeidet ikkje starta innan tre år etter at løyvet er gitt, fell godkjenninga vekk.

Med helsing

Egil Eide
Einingsleiar Vatn og avløp

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
HALSNØY TRELAST AS
TOFTE EIGEDOM AS
Kvinnherad kommune v/Anne Rita Eriksen - Forvaltning

Toftenvåg
Rosendalsvegen 10